

ARKITEKT METTE KYED THORSON
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Førebels svar - Fv. 5474 - Gnr 147 bnr 87 - Tilbygg / påbygg - Sellevoll - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs fylkesveg 5474. Vi seier oss lei for den lange sakshandsamingstida.

Det er søkt om tiltak på gnr. 147 bnr. 87 i Alver kommune. Eigedomen grensar mot fylkesveg 5474 Skarsvegen. Det er søkt om å oppføre ny garasje med terrasse på taket, samt ny tilkomst til privat veg og etablering av snuhammer på eigen eigedom.



Situasjonskart vedlagt søknaden. Viser innteikna garasje, ny avkjørsle til privat veg og snuhammer.

Byggjegrense langs fylkesvegen er 50 meter. Det er søkt om garasje 15,5 meter frå vegmidte, samt at areal til snuhammer som kjem om lag 11 meter frå vegmidte.

Vi har vore på synfaring i saka og meiner det er fleire utfordringar knytt til tiltaket. Tiltaket kjem svært nære fylkesvegen. Situasjonskartet som er vedlagt søknaden er prinsipiell, og meiner difor at søknaden er mangelfull. Til ein søknad må det leverast teikningar og planar som syner tiltaket i si fulle utstrekning, mellom anna behov for planering eller behov for eventuelle støttemurar.

Vi meiner og det er utfordrande å flytte avkjørsla nærmare fylkesveg. Ein må sikre ei god utforming av avkjørsla og sørge for god sikt. Det er også viktig å ta i vare drenering lang den private vegen, og langs fylkesvegen i sær. På synfaring så ein tydleg avrenning av finpartiklar som spreier seg til våre grøfter. Det er kjent frå tidlegare at drenering ikkje er tilfredsstillande i dette området. Skal ein flytte avkjørsla må det og sørgst for å ta opp igjen drenering langs den aktuelle tomta.

Før vi behandlar søknaden ber vi om det vert sett på andre løysingar som ikkje inneber tiltak så nære fylkesvegen. Vi meiner det er fullt mogleg å finne løysingar andre stader på tomta, og det må vurderast ei anna løysing for snuhammer.

Vi meiner tiltaket er av ein slik omfang at det er søknadspliktig etter plan og bygningslova, og vi ber om at det vert innhenta ei vurdering frå kommunen om søknadsplikta og eventuelt korleis Alver kommune stiller seg til tiltaket.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4